

NR. 5

MAI 1984

17. ÅRG.



Konfirmantar i Ytre Arna 1983

Foto: Wespestad.

KONFIRMASJON 6. OG 13. MAI

Konfirmant - tør DU satsa på Jesus?

I ei forteljing står det om ein gut som var så flink til å skjera i tre. Og ein gong hadde han laga ein båt som var verkeleg litt av eit meisterverk! Men ein av kameratane hans stal denne fine båten. Ja, han selde til og med båten til ein butikk. Og der, i vindauga, fekk eigaren sjå att båten sin. Guten gjekk heim og fortalde foreldra situasjonen. Så fekk han pengar til å kjøpa båten. Gleda var stor då han stod med båten i handa att. «No har eg både laga han og kjøpt han, så no må da båten vera min», sa guten.

Gud har skapt oss menneske. Ja, menneske er det finaste Gud har skapt! Men, slik som båten kom bort frå eigaren sin, har synda ført oss bort frå Gud.

I Matteus 20, 28 står det: «*Menneskesonen er heller ikkje komen for å tenast, men for å tena og gje livet sitt til løysepeng for mange*». Slik har Jesus «kjøpt» oss attende til Gud. Det var det Jesus gjorde då han døydde på ein kross, vart lagt i ei grav — og stod oppatt. Han var villig til å ta alle våre synder på seg, slik at vegen til Gud atter vart open. Jesu kjærleik til oss menneske er grenselaus! Men det er ofte vanskeleg for oss menneske å skjona at vi «berre» skal TRU at Jesus er vår Frelsar, og at vi ikkje treng prestera noko.

Konfirmasjonsførebuinga er slutt for i år, det er berre sjølve konfirmasjonsdagen att.

Kva så etter konfirmasjonsdagen — er kontakten med kyrkja broten eller blir han halden ved like?

For mange betyr det nok at dei heretter vel eit liv utan Gud. For mange betyr det og starten på ei aktiv ungdomstid, fylt av moro,

glede og alvor, eit ungdomsliv der Jesus får vera hovedpersonen.

Skulle ynskja at alle konfirmantane i Arna dette året fekk auga opp for rikdommen i eit slikt ungdomsliv og verkeleg turde satsa på Jesus!

Tør du?

K.A.G.

Fin gåve til konfirmanten

I konfirmanttida har kyrkjelyden betalt abonnement for alle konfirmantane i 1/2 år på det kristne ungdomsmagasinet «Ny Horisont». Det er eit friskt og fint blad som mange unge set stor pris på.

Om du som far, mor, bestemor, bestefar, fadder e.l. vil gje noko til konfirmanten som vidare kan gje ei påminning om det dei har møtt i konfirmanttida, ville det vera ein god idé å gje eit gåveabonnement på «Ny Horisont».

Det kostar kr. 90 pr. år.
Skriv til:

Ny Horisont

POSTADRESSE:
Ny Horisont, Postboks 226,
4001 Stavanger.

Telefon: (04) 53 10 65
Postgiro: 5642681
Bankgiro: 8501.05.12528

St. Johannesguttene i Arna

Ei fullsett Arnakyrkje møtte St. Johannesguttene palmesundag. For koret var det ein gledeleg start på påsketurnéen, og for dei som var tilstades var det ein verkeleg fin kveld.

GI VIDARE

Det Norske Bibelselskap har starta ein annaleis bokklubb. I staden for å få ei bok, kan du vera med å gje ei bok. Boka det er tale om er Bibelen. Oppgåvene som ventar er:

5.000 biblar til Zambia
9.000 biblar til El Salvador
15.000 biblar til Polen
19.000 Nytestamente på armensk til Sovjet.

Dette er nokon av dei oppgåvene det ikkje er pengar til no. I denne «bokklubben» vil det verta nye prosjekt kvar månad — og ein bibel/testamente kostar ca. kr. 35,-.

Alle pengane som kjem inn går til dei føremål som er nemnt. Vil du vita meir om dette, eller vil du melda deg på og vera med på å gje Bibelen vidare, kan du skriva til: Det Norske Bibelselskap, Postboks 7062 Homannsbyen, 0306 Oslo 3.

17. mai-festar

ARNA BEDEHUS:

FEST kl. 18.00. Tale av Arne Mikael Landro. Sang og musikk. Program for liten og stor. Bevertning m.m.

BETANIA, LONE:

FEST kl. 19.30. Tale av rektor Mikael Landro. Betania sine musikk-krefter tek del. Bevertning.

HAUGLAND BEDEHUS:

Indremisjonen og yngreslaget skipar til fest kl. 19.00. Tale ved Harald Sundsbø. Song og musikk. Allsidig program for store og små. Bevertning.

YTRE ARNA BEDEHUS:

FEST kl. 19.00. Tale av Johan Åsgard. Song og musikk. Bevertning.

Ungdomsfest i Ådnamarka kl. 20.00

Arr.: Kristne ungdomslag i Arna

Venestemme for Arna

Det årlege venestemme for Arna vert halde i Indre Arna Bedehus Kristi Himmelfartsdag 31. mai kl. 16.00.

Talarar vert bibelsk.lærer Olav Rørtveit og sekretær Kåre Hellem. Det vert m.a. song av det nystarta Arna Musikklag frå Indre Arna. Matpause.

ALLE ER VELKOMNE!

GUDSTENESTE FOR ELDRE

Ytre Arna

Vi inviterer dei eldre i kyrkjelyden til gudsteneste
SØNDAG 20. MAI KL. 11.00

Det vil bli sytt for skyss til og frå kyrkja — også for dei som brukar rullestol. Dei eldre som treng skyss kan ringe til kyrkje-kontoret tlf. 24 85 46 eller Rakland tlf. 24 80 86.

**VELKOMEN
DIAKONIUTVALET I ARNA**

Sjå på teikningane.



Kva hendingar i Bibelen er dette frå?

1. Lat koma til meg, hindra dei ikkje for høyrer slike til.

Mark. 10.14.

2. skunda deg og kom ned! For i dag lyt eg

Luk. 19.5.



Ein liten gut spurde mor si kvifor Gud ikkje hadde skapt alle menneska med same hudfarge.

Det var ikkje lett for mora å svara på det.

Då seier guten: Kanskje det er fordi vi skal læra å vera glad i dei som ikkje er lik oss sjølve.

Konfirmasjon meir ein prosess enn eit pensum å pugga

Konfirmasjonsopplegget har endra seg mykje i vår kyrkje dei siste åra. Før nytta vi gjerne uttrykk som «å gå for presten» eller «å stå til konfirmasjon». Men nå er slike ord ikkje velegna lenger. Ikkje ein gong «konfirmasjonsførebuing» vil kyrkjelege instansar nytta. Det heiter konfirmasjonstid.

Endringane er ikkje berre eit spel om ord. Uttrykket konfirmasjonstid signaliserer at Den norske kyrkje oppfattar konfirmasjon meir som ein prosess i livet for dei unge enn som eit punkt. Opplæringa er og utvida frå berre å vera timar med presten til det å ta del i livet i kyrkjelyden gjennom gudsteneste, miljøsamvær og ungdomsarbeid. Slik vil ein formidla kristen tru til dei unge.

Kva er egentleg konfirmasjon? Ei folkeleg oppfatning er at konfirmasjonen er ei stadfesting av dåpsløftet. Det var og denne tydinga som låg til grunn for den eldste konfirmasjonsordninga vår

frå 1736. I 1912 fekk ein i tillegg ei anna ordning som la meir vekt på konfirmasjonen som ei handling av forbøn og signing. Det er denne siste måten å sjå det på som har vunne fram i den noverande rammeplanen for konfirmantarbeidet i kyrkja.


Konfirmasjonen er ei praktisk kyrkjeleg ordning. Det står ikkje noko om han i Bibelen. Derimot står det noko om dåp og opplæring av dei døypte, og det er her i dåpsopplæringa at konfirmasjonen høyrer heime.

Som ei tenestepoppgåve i konfirmanttida arrangerte konfirmantane i Ytre Arna eit kakelotteri til inntekt for born i slummen i Calcutta. Formålet var å samla inn pengar for at 10 born frå slummen der kan få gå på skule i eitt år. Det er Kirkens Nødhjelp som driv skulane. Trekninga var 28.4. og her ser vi dei som var med og organiserte lotteriet.



Bak frå v.: Jan Ove Landøy, Lars Åsheim, framme frå v.: Marita Roland, Anita Hjortland, Eva Sætrevik og Oddvar Ulltang.

Glimt frå Truslæra:



Trua er eit vågestykkje. Å tru er å ta Frelseren sin fast i hand som vi syng i ein kjend kristen song.

Vi menneske kan ha ei tru av di Gud har openberra seg i historia og vist oss kven han er. Særleg er dette kome klårt fram ved Jesus, Guds Son. Kristen tru er å gripa Gud slik Jesus har forklart at han er. Trua er eit vågestykkje. Vi må satsa på at Kristus er vegen til livet, at vitnemålet om han som Guds Son og vår Frelsar er sanninga.

I dag møter vi dette vitnemålet først og fremst i Bibelen. Men den kristne kyrkja har samanfatta det bibelske vitnemålet i dei tre trus-artiklane som vi seier fram i kyrkjene kvar søndag.

KVA ER TRU?

Når vi snakkar til vanleg, nyttar vi ordet «tru» i fleire tydingar. Det vi trur, er ofte det vi meiner er rett, det vi godkjenner som sannsynleg.

Men det bibelske omgrepet «tru» har ei heilt anna praktisk og engasjerande meaning. På hebraisk tyder «tru» støleik, å halda fast på noko i full overtiding og tillit. Å tru på Gud er derfor ikkje berre å ha nokre tankar om han, men å eiga tillit til Gud så vi satsar livet vårt på han.

MØTE

ARNA BEDEHUS:


- 10/5: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
- 13/5: Søndagsmøte kl. 19.00. Tale av Gunnar Rene. Sang av Birger Olsnes m/frue.
- 27/5: Søndagsmøte kl. 19.00. Tale av Frantz Ingebrigtsen. Offer til Blå Kors.
- 3/6: Søndagsmøte kl. 19.00. Tale av bibelsk.lærer Henrik Røykenes. Offer til Bibelskolen.

BETANIA, LONE:

- 13/5: Møte v/Israelsmisjonen.
- 20/5: Møte v/Santalmisjonen.
- 24/5: Møte v/Norsk Luthersk Misjonssamb.
- 3/6: Yngresstemne.

Vi presenterar:

DEI TILSETTE I YTRE ARNA KYRKJELYD



Harald Sundsbø
Res.kap.



Per Sæle
Klokkar



Sylvi Sæle
Kyrkjetenar



Siri
Brunvoll
Organist



Aud Else
Vesetvik
Kontorassistent



Oddvar
Ulltang
«Eittåring»

Øyvind Øy og Målfrid Sandvik er også tilsette for å arbeide i Ytre Arna kyrkjelyd, men dei vart presenterte i nr. 4.

PÅ LEIR I SOMMAR?

Ulike kristelege organisasjonar har ei rekkje leirar om sommaren. Kyrkjelydsbladet har fått tilsendt program for nokre, men det er ikkje plass til å ta inn alt. Men vi nemner at det er for alle aldersgrupper: born, unge, vaksne, familiar og eldre. Kanskje det kunne vera noko for deg eller borna dine?

Det er alltid festleg å vera på leir! Vil du vita meir om dette kan du ta kontakt med krinskontora til dei kristelege organisasjonane, eller til kyrkjekontora i Indre og Ytre Arna. Der vil vi ha program for nokre av leirane og kan hjelpa med adresser til andre.

Konfirmantar i Arna kyrkje

6. mai kl. 10.00

Bjånes, Mona	Reigstad, Linn Beate
Ellingsen, Helen	Rosenvinge, Monica
Halsvik, Irene	Rosvold, Line
Henriksen, Hilde Beate	Svanevik, Mona
Hjelme, Marianne	Tveit, Bente
Holmaas, Eldbjørg	Vevle, Mona
Hvedding, Hege	Abrahamsen, Ørjan
Karlsen, Anita	Andersen, Erik
Larsen, Trude Skare	Berentsen, John Kenneth
Listøl, Tone	Dauidsen Raa, Jørn
Middtun, Anne Marit	Eide, Stig Atle
Moldekleiv, Kari Christine	Eliassen, Jan-André
Norland, Bente	Fure, Håkon
Ottesen, Anita	Hansen, Arve

6. mai kl. 12.15

Akselberg, Annette	Knutsen, Beate Marita	Johnsen, Trond
Amland, Nina Elisabeth	Litland, Hilde	Kleppestø, Kjell Helge
Aune, Britt	Opedal, Venke	Lillefosse, Arve
Borge, Britt	Raddum, Gunhild	Middelthun, Terje
Borge, Liv Randi	Rosenlund, Ida Elisabeth	Nygaard, Kjell Otto
Brusdal, Berit	Skorve, Inger Kristina	Olsen, Kjell Andreas
Eide, Randi	Hasselgren	Opedal, Arild
Fjæreide, Line Lisbeth	Sortland, Solveig	Rasmussen, Frank
Hagebø, Marit	Akselberg, Helge	Reknes, Anders
Hegdal, Marit	Asserson, Walther André	Rokne, Knut Inge
Hummervoll, Kristi	Bruvik, Øyvind	Seim, Per Otto
Iversen, Anne Kristin	Gjellesvik, Kåre Lyngsgård	Solvang, John
Iversen, Hege Frantzen	Helgø, Eddie Norodd	Stokke, Arild
Kjernlie, Randi Johanne	Haarstad, Kjetil	Storsæter, Jostein
Kleivane, Tone Merete	Iden, Erik	Vevle, Paal Erik

13. mai kl. 10.00

Bjørnberg, Hildegunn	Vik, Lisbeth	Haavardstun, Magne
Dobbe, Anne Kristin	Akselberg, Ola	Jordan, Tore Jan
Eide, Sissel Roseth	Andreassen, Jonny	Killi, Gunnar
Garnes, Vigdis	Anthun, Stig Tore	Kvamme, Vidar
Helgesen, Linda	Berg, Helge	Litangen, Hallgeir
Knappskog, Marit	Corneliussen, Roy	Lygre, Frode Michal
Kvilhaug, Katherine	Erdal, Nils Ivar	Mjelde, Gunnar
Melstvedt, Nina	Frøyen, Inge	Reigstad, Jan-Egil
Nesbø, Marianne	Garnes, Bjørn	Rysjedal, Kjell Harald
Osland, Trine	Garvik, Ivar	Thunes, Jan Halvor
Steine, Bente	Gripsgård, Magnar Atle	Thunestvedt, Magne
Takvam, Kjersti	Haukeland, Odd Arne	Trefall, Trond
Tunestveit, Hege	Hjortland, Vidar	Åsheim, Helge
Tverlid, Synnøve	Hovden, Arthur	
Utne, Britt Harriet		

13. mai kl. 12.15

Angell, Bente Helen	Mjelde, Mona Bidne	Førland, Tore
Arnatveit, Turid	Mo, Anne	Grøteide, Bjarte
Arnetvedt, Gry	Mæstad, Mari	Halleraker, Rolf Arne
Bergesen, Elisabeth	Nesse, Monika Rita	Hauge, Roald Johannes
Eriksen, Ann Helen Sture	Nævdal, Helga	Heggertveit, Inge
Fosse, Marianne	Skålnes, Åse Karin	Helgesen, Hans-Petter
Grinde, Majvi-Anita	Soltvedt, Marianne	Hoff, Torbjørn
Hauge, Kjersti	Søyland, Randi	Karlsen, Trond Borge
Hauge, Monica	Unneland, Gry Marian	Larsen, Frank
Hauge, Vigdis	Viste, Torild	Mjelde, Karl
Haukeland, Grethe	Arnetvedt, Bjørn Aga	Mjelde, Svein Erik
Kippersund, Birte	Bjørndal, Hans	Mjelde, Ørjan
Knutsen, Kari-Anne	Boistad, Kurt Jakob	Reigstad, Rune
Lillejord, Nina	Borge, Trygve	Rolland, Frode
Mellingen, Sonja	Ekse, Per Roger	Skjoldal, Svein Ove
		Tverlid, Steinar

Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje

6. mai kl. 10.00

Alver, Bjarte	Mikkelsen, Frode	Halldorsson, Grete
Birkeland, Asle	Nævdal, Eilif	Hjortland, Anita
Bognøy, John Robert	Nævdal, Olav Magne	Kippersund, Tone
Bredenebekk, John Lennart	Opheim, Bjørn	Litangen, Heidi Vibeke
Haugland, Bjarte Agnar	Strand, Jan	Olsen, Jorunn
Holdhus, Lars Kjetil	Taule, Tom Kenneth	Presthus, Iren
Ingvaldsen, Raymond William	Espedal, Tove	Rolland, Marita
Korneliussen, Frode	Færev, Merete Karin	Sætrevik, Eva
Lindseth, Frank		

6. mai kl. 12.00

Andreassen, Mads	Ryland, Kenneth	Flæsland, Bente
Blindheim, Egil Normann	Søilen, Ørjan	Hjortland, Annette Holm
Gjone, Per Kristian	Sårheim, Jan Øyvind	Landhaug, Trine
Hetlebakke, Frode	Titlestad, Rune	Leknesund, Birthe
Johannessen, Thor Christian	Toskedal, Atle	Lund, Mette Rønquist
Landøy, Jan Ove	Aasheim, Lars	Midtun, Bente
Langeland, Frank Kobbeltvedt		Olsen, Katrin
Norvik, Hans Christian	Blom, Eva Olaug	Rutschmann, Monica
Pettersen, Øyvind	Damminger, Kirsti	Aas, Gro Anita

Kjære konfirmantar og foreldre!

Til lykke med konfirmasjonsdagen!
Vi takkar for konfirmasjonstida og vi vonar å sjå dykk att der kyrkjelyden samlast.
«Kvar den som kallar på Herrens namn, skal verte frelst».
Rom. 10.13.

Helsing
Målfrid Sandvik Harald Haugsvær Harald Sundsbø
Øyvind Øy

Familieside

DØYPT

Arna sokn:

25/3: Renate Nese, Ann-Cathrin Moldekleiv, Hanne Merethe Vines, Stian Aadland.

15/4: Sindre Hansen.

29/4: Christine Vik.

Ytre Arna sokn:

1/4: Trond Nesheim.

8/4: Christian Tefre.

19/4: Endre Gaupås Blindheim.

Ofringane i kyrkjelydane

Arna:

25/3: Santalmisj., Misjonssamb. og Misjonsselsk. kr. 1893,-
1/4: Kyrkjelydshuset kr. 1871,-

Ytre Arna:

1/4: Blå Kors kr. 594,-
8/4: Høyreanlegg i kyrkja kr. 577,-
Jan Systak, f. 1930.

Herre jeg vil gjerne takke for at dagen er fra deg. Takk for nye muligheter som du legger foran meg. Takk for evner, kraft og kall. Takk for løfter uten tall.

Herre, la min dag få være viet deg og riket ditt, slik at ord og liv må bringe videre hva du har gitt. Før meg dit jeg trenger mest. Bruk meg slik du ser det best.

Liv Nordhaug

VIGDE

Arna sokn:

24/3: Eirik Lohne og Sissel Margrethe Monsen.

31/3: Rune Rivenes og Elin Blom.

14/4: Frode Markhus og Mona Aardal.

28/4: Rune Jørgensen og Eva Frotjold.

28/4: Jan Atle Haugland og Ingunn Hammerstad.

28/4: Eddie Uhe og Karin Foss Andersen.

DØDE

Arna sokn:

20/3: Jan Systak, f. 1930.

24/3: Hilda Angell, f. 1905.

Ytre Arna sokn:

26/3: Georg Vatlø, f. 1921.

30/3: Ingolf Grinde, f. 1928.

2/4: Hildur M. Blindheim, f. 1915.

Konfirmasjon stadig populær

85-90 % av åttandeklassingane tar kvart år del i konfirmantopp- legget i Den norske kyrkja. Prognosemakarane som spådde ein radikal nedgang for konfirmasjonen, har teke feil. Større konfirmantundersøkingar frå dei siste åra viser og at dei unge oppfatar konfirmasjonen som noko meir enn ein folkeleg ungdomsfest. Forsøksrapport nr. 2 frå Kyrkjens Forsøksutval viser at omlag 40 % er med for å få meir kjennskap til Gud og kristendomen. Berre ein fjerdedel er med fordi foreldra vil det, eller fordi dei kjenner på gruppepress frå kameratar.

Kateketen har ordet



Målfrid Sandvik

Konfirmasjons-tid

Det går mot slutten av konfirmasjonstida. Denne tida strekker seg over 8 månader, frå september til mai. Gjennom konfirmasjonstida har konfirmantane vore med på undervisningstimar, gruppemøte og gustjenester, om lag 25 samvære i alt. I tillegg har vi hatt helgetur til Kvamskogen. Vi som reiste opp dit i november hadde ei fin helg saman.

Undervisningstimane går føre seg på ettermiddagstid i Ytre Arna (kyrkjelydshuset), på Lone, Ådnemarka, Indre Arna, Garnes (skular) og på Trengereid (i kappellet). I heile prestegjeldet har vi 13 konfirmantparti, og her er det prestane og kateketane som underviser. Men i tillegg har kyrkjelydane våre ein heil stab av frivillige medarbeidarar som har vore leiargar for mindre konfirmantgrupper. Kvar gruppe har hatt 6 møte i løpet av vinteren i private heimar. Vi er svært takksame til dykk som har gjort det mogeleg å gjennomføra denne viktige delen av konfirmasjonstida. Dette gjeld både gruppeleiarar og konfirmantforeldre som har opna heimen for ei gruppe.

Konfirmasjonstida gjeld ikkje berre dei unge sjølve, men også heimane deira. Foreldremøte haust og vår er fast på programmet. Her har ein høve til å drøfta spørsmål i samband med konfirmasjonstida, og vi tar opp andre aktuelle tema.

Som konfirmantlærer har eg mange tankar og spørsmål no ved slutten av konfirmantåret. Kva har dei unge fått med seg frå denne tida? *Har dei fått hjelp til å tru på Jesus, han som dei vart døypte til?*

Eg veit det er mange av konfirmantane som gjerne vil tru på Jesus. Men det kan vera vanskeleg å stå fram og seia det. Nokre er usikre, og synest dei får det ikkje til skikkeleg, dette med trua.

Men kven av oss gjer vel eigentleg det —? Her stiller vi vel på lik linje alle? Det er ein som har fått det til. Han kan vi komma til alle saman — uansett kven vi er og korleis vi har det. Jesus krev ikkje noko «grad av modenhet». Han tek imot oss alltid, — også når vi kjem med tvilen vår. Å tru er ikkje å «få det til». Å tru er å komma og ta imot. Å vera kristen er å få leva i tilgjeving for Jesu skuld.

Du som er konfirmant og som les dette: Snakk med Jesus om korleis du har det, og les i nytestamentet ditt! **Bl** med i eit kristent ungdomsmiljø! **D**u skulle ta den sjansen. Det er snart avslutningsgudsteneste, der vi skal be for kvar einskild av konfirmantane. La også denne forbønshandlinga og denne gudstenesta hjelpa deg til å seia: «Eg vil høyra Jesus til».

Fullsett kyrkje i Ytre Arna

Ein nydeleg vårsøndag og ein nydeleg konsert i Ytre Arna kyrkje. Til siste benk var folk møtt fram til konserten der Tertnes Skoles Strykeorkester og dirigenten Alf Steiner Christiansen kunne spre glad musikk til Arna-folket.

Alt i opningsnummeret, Vivaldi's concert i E-moll, viste orkesteret sitt høge musikalske nivå og tekniske dugleik. Det må liggja ei uvanleg innsikt og stor flid bak det å få så mange unge til å meistra slike oppgåver som Vivaldi's konsertar i e-moll og a-dur.

Konsertmeister i Harmonien, Lars Erik ter jung, gledde lyden med utdrag frå solosonate i g-moll av J.S Bach. Vi kan berre seia takk frå den gamle til den unge for den stunda.

Eit finfint innslag stod ei gruppe frå Ytre Arna Barne- og Ungdomskor for, med fire songar til tone av Trond Kverno. Det er tydeleg at kyrkjelyden sin eigen organist, Siri Brunvoll, har fått kontakt med dei unge, som song reint og med tydeleg uttale, til tonefølgje av orgel og fløyte.

APPLAUS

Lars Erik ter Jung var så solist i Bach's e-durkonsert for fiolin og orkester. Vi lytta til han i Dom-

kyrkja før jul, men vi trur framføringa i Arna om mogeleg var endå betre.

Det verka som om dirigent, solist og orkester hadde funne kvarandre endå betre, og kunne la dei herlege tonane klinga endå friare i vakkert samspel mellom solist og dei ulike orkestergruppene.

Ei stor stund som publikum gav uttrykk for i spontan applaus.

Orkesteret avslutta med Sinfonia i G-dur av Albinoni, og viste på nytt sitt høge nivå til siste takt.

Det er tydeleg å leggja merke til at ein kapasitet som ter Jung gler seg over å spela med orkesteret innimellom solist-oppgåver i Europa, USA og Russland. Det må vera ein blomst til kvar einaste av dei unge i orkesteret og ein bukett til dirigenten (som vel også har hatt ein finger med i ter Jung's tidlege spel).

Gildt var det også at Arna sine eigne unge var med og gjorde kvelden til ei stor oppleving.

Og presten si takk og ynskje om velkommen att fekk full og spontan støtte frå publikum som ser fram til neste vår.

(Frå Bygdanytt).

-R.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.


Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.



ØKONOMETER FOR ARNA KYRKJELYDS- HUS

Tala viser innkomne pengar i tusen kroner.

Som ein ser er det kome inn 56.200 den 10.4.

I tillegg er det kome inn tilsagn på lån for kr. 20.000,-.


Årsfest i Arna Kyrkjelyd:

Søndag 8. april var eit fullsett Arna bedehus samla til årsfest i Arna kyrkjelyd. Arrangementet var eit samarbeid med diakoniutvalet, og først fekk vi på ein fin måte presentert det arbeidet Kirkens Nødhjelp driv og dei utfordringar ein i dag står framfor med menneske som har det vondt mange stader. Dag Arne Roum frå Kirkens Nødhjelp gav ei tankevekkjande og god framstilling av dette. Då fekk vi og meir kjennskap til det pengane som kjem inn under fasteaksjonen går til.

Seinare på kvelden var det årsmøtesaker. Soknerådet si årsmelding gav eit fint inntrykk av det store arbeidet i kyrkjelyden. Leif Grøteide, som ny soknerådsformann, la fram både årsmeldinga og rekneskapet, som kasserar i 1983.

Erling Osland heldt eit engasjert innlegg om kyrkjelydshuset, som vil vera eit stort løft dei næraste åra. Han vona at ein skulle koma i gang med arbeidet alt neste år. For å kunna makta det, må mykje gjerast, og han vona at alle delar av kyrkjelyden vert med på dette. For han var det ei oppmuntring at den første gåva kom frå Unneland/Haukeland-området, og han vona at alle i Arna kunne sjå dette som ei oppgåve.

Ellers var Arna Ten Sing og Kyrkjekoret med og song. Her ser vi bilete av Arna Ten Sing.



ÅRSMØTE I YTRE ARNA SANTALLAG

Styremedlem går ut etter 60 år i styret

Onsdag 28. mars var det årsmøte for Ytre Arna Santallag. Kretssekr. Martin Halleraker var med som talar, og vi fekk fin song av Margot Hitland frå Mjølkeråen. Referat og rekneskap vart opplese.

Også i 1983 har det vore arbeidd trufast for Santalmisjonen her i Ytre Arna. Vi har ei aktiv kvinneforening som har sine møter regelmessig og dei hadde og basar sist høst. Til saman er det frå Santallaget her i Ytre Arna sendt kr. 16.800,- til kretskontoret i 1983.

Den årlege møteveka for Santalmisjonen var i september.

På årsmøtet var det og valg. Formannen Odd Bjarne Fylkesnes tok gjenvalg. Dei andre i styret vart: Borghild Eikerol, Arvid Teigland, Margit Nes og Aud Else Vesetvik, varamenn Kjell Haugland og Judith Hydle.

Ein av dei som har stått i styret og som no ba seg fritaken var Johannes Loftås. Han er no nett fylt 80 år, og har vore med i styret i Ytre Arna Santallag i 60 år, 20 av desse åra som formann. Ei slik lang og trufast teneste trur eg ikkje det er mange som kan sjå tilbake på. På årsmøtet fekk han varm takk for arbeidet, og ei blomehelsing fekk han og med seg.

Formannen hadde ein prat med Johannes Loftås, der dei såg tilbake på dei 60 åra han hadde vore med i dette arbeidet. Han fortalde då at han var veldig glad for at han vart spurd om å vera med i dette arbeidet då han var så ung, for det hadde vore med å bevara han som kristen. Han har og vore aktivt med i søndagsskulen og i

indremisjonen sitt arbeid her i Ytre Arna, og han ser stort på det som vennsamfunnet har å bety for oss.

60 år i et styre er jo uvanleg lenge, og det vart spurt om han ikkje gjekk trøyt. Men Johannes Loftås svara at han takkar Gud for at han har fått lov å vera med i arbeidet. Han synest sjølv han har fått så uendeleg mykje og er blitt rikt velsigna gjennom tenesta.

Om han går ut av styret som 80-åring, så er han frisk og lett på foten, og vil fortsatt støtte opp om arbeidet så lenge han kan. Så er det godt å veta at alle våre dagar er i Guds hender, og eg vil ynskja alt godt for Santalmisjonen sitt arbeid vidare, sa Loftås til slutt.

Lege i Arna:

Lege
Frøydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørger oppsatt.



Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje



- 6/5 **Arna kl. 10.00.** Sokneprest Øy og kateket Haugsvær. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Arna kl. 12.15. Sokneprest Øy og kateket Sandvik. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsbladet.
Ytre Arna kl. 10.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 12.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 13/5: **Arna kl. 10.00.** Res.kap. Sundsbø og kateket Sandvik. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Arna kl. 12.15. Res.kap. Sundsbø og kateket Haugsvær. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Prost Stormark. Nattverd. Takkoffer til Diakoniutvalet.
- 17/5 **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Arna søndagsskulelag.
Ytre Arna kl. 10.00. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy.
Trengereid kapell kl. 11.30. Familiegudsteneste v/soknepr. Øy. Takkoffer til Søndagsskularbeidet.
- 20/5: **Arna kl. 11.00.** Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Den Indre Sjømannsmisjon. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Ytre Arna Kyrkjekor. Takkoffer til Norges kristelege student- og skoleungdomslag. Eldre spesielt inviterte.
- 27/5: **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
- 31/5: **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd.
- 3/6: **Arna kl. 11.00.** Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Diakoniutvalet.
Ytre Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Ytre Arna barnekor.
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste.
- 10/6: **Arna kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.
Ytre Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon
- 11/6: **Arna kl. 11.00.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Modum Bad Nervesanatorium.
Trengereid kapell kl. 11.00. Sokneprest Øy.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 6: 15. mai.